

Volda, 18.04.24

## Høyringsvar frå Nynorsksenteret til Forslag til forskrift om undervisnings- og forskningsstillinger og rekrutteringsstillinger

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) stør framlegget til språkkrav som kjem fram i §3.5 og §4.5.2 i *Forslag til forskrift om undervisnings- og forskningsstillinger og rekrutteringsstillinger*. Språkkrava blir grunnleggjande med Handlingsplan for norsk fagspråk og Språklova.

Det er viktig med tydelege språkkrav for tilsetting i akademien, og rett og rimeleg å forvente at dei som arbeider i norsk høgare utdanning kan uttrykke seg på norsk, munnleg og skriftleg. Då er det òg ein føresetnad at utdanningsinstitusjonane gjev desse tilsette eit godt høve til å oppnå kompetansen som krevst. Det er ein tydeleg trend at engelsk blir meir dominerande i akademien, og denne forskrifta kan vere med på å motverke utviklinga. Det er viktig å styrke norsk fagspråk på alle felt, og det trengst endå fleire tiltak enn det som blir føreslått i framlegget til forskrift.

For den enkelte arbeidstakaren er det også viktig å kunne forstå og uttrykke seg på norsk. Truleg blir det også lettare for dei å kunne konkurrere om stillingar i Noreg seinare. Om dei får ei stilling innan UH, må dei rekne med å undervise og rettleie norske studentar og også vurdere oppgåver som er skrivne på norsk. Dessutan blir norske UH-institusjonar administrert på norsk. Dersom du er innvandrar og vil studere ved universitet og høgskular i Noreg, må du ha norskkunnskapar på minst B2-nivå.